

UFO-film om jærbonde til to amerikanske festivalar

FILM: Romvesen på Jæren er tema for den norske kortfilmen «Transit Conjunction», som er undervegs til to store, amerikanske festivalar.

Det er regissørane Fredrik Waldeland og Jonas Reed som står bak «Transit Conjunction», som òg måtte


spytte i pengar sjølv for å lage den.

Den festivalinviterte kortfilmen er nemleg produsert for pengar dei har sjølv og pengar frå filmselskapet Foton 4 Film, etter at det blei avslag på stønadssøknaden i Rogaland. No er resultatet klart til å visast fram:

Først i hovudprogrammet i Hollywood Film Festival i Los Angeles, som viser fram kortfilmfrå heile verda - og også er ein Academy Awards-kvalifiserande festival. Den opnar 10. august.

Deretter skal historia om

jærbonden som opplever å få kona bortført, før han sjølv må forsvare garden sin mot aliens, vidare til Utah og sjangerfestivalen FilmQuest 2017 i tida 8. til 16. september. Der er den tatt ut til kategorien SCI-Fi Short, melder Foton 4 Films. (NPK)



ALTERNATIV 3: Gang- og sykkelvest aust for bilvegen. Rosslandsåna blir flytta vestover.

ALLE ILLUSTRASJONER: STATENS VEGVESEN

Teikn:

	Tofelts bilveg
	Firefelts bilveg
	Gang-/sykkelveg
	Kulvert, hoved G/S
	Kulvert, turveg/lokal G/S
	Omlagt å/elv
	Trerække/grønn buffer (som nå)
	Tursti, omlagt

Fylkesmannen vil gjere unntak frå jordvernet og tillate ein slik omkøyringsveg over det som i dag er dyrka mark.

- Eg brukar ikkje tid på dette før eg høyrer noko anna frå Fylkesmannen, seier Kverneland. Som seinast i mars åtvare mot å utsetje storprosjektet, sidan det kan få store konsekvensar for planane om ein bomring som skal finansiere vegutbygging på Jæren.

Bompengar i 2020?

For å få kome i gang med den såkalla Utbyggingspakke Jæren, må dei tre jærkommunane ha minst eitt ferdigregulert vegprosjekt. Dei to prosjekta som er

Me er veldig fornøgd med at Vegvesenet har lytta til våre innspel og tatt dei med i prosessen.

Reinert Kverneland

«enklast» å setje i gang er fylkesveg 44 og oppgraderinga av Buevegen.

- Me må jo bruke dette som nummer éin i bompakken, og så fylkesveg 504 Buevegen. Me ville prioritert omkøyringsvegen på Kverneland først, men den har me ikkje pris på. Difor må me ha dei to andre før me kan sende søknaden. Men det vil ta minst tre år før me eventuelt kan begynne å krevje inn pengar, trur Reinert Kverneland.

- Og utan bompengefinansiering får me ikkje desse vegane, seier han.

Omstendeleg prosess

I utgangspunktet var målet at ein detaljert reguleringsplan for fylkesveg 44 Braut-Re skulle vere behandla i løpet av første halvår 2018.

- Det går ikkje, medgir Bjørn Åmdal, som allereie nå ser at dette vil ta lenger tid enn det han først hadde håpa på.

- Når kan det vere realistisk å starte på arbeidet med utbetring av fylkesveg 44?

- Det er me veldig forsiktige med å seie, for det er nokre år fram i tid. Bompengepakken må mellom anna innom Stortinget, så dette er ein prosess som tar lang tid, understrekar han.

- Med alt det skal gjennom, er det fleire år før ein kan begynne å bygge, slår prosjektleiaren fast.

Ventar på klarsignal

Planarbeidet til Statens vegvesen blir uansett ikkje meir detaljert før politikarane i Klepp, Time og Hå slår klart og tydeleg fast at dei ønskjer å setje i gang den omfattande utbyggingspakken.

- Ein ønskjer at heile pakken, som består av mange prosjekt, er forankra lokalt. Så når ein får forankra det, går ein vidare med å lage planprogram og reguleringsplan, utdjuvar Åmdal.

Nå vil Time-ordføraren gå i dialog med Vegvesenet for å finne ut kva kommunen bør gjere for å få fortgang på prosjektet.

- Og me held på å jobbe med dette i styringsgruppa for Utbyggingspakke Jæren. For å bli ferdige

Fakta

Ny fylkesveg 44

- Statens vegvesen har varsla oppstart av planarbeid for utviding av fylkesveg 44 frå Braut til Re.
- Ut frå eit forprosjekt anbefaler Vegvesenet at det blir bygd to felt med midtdelar frå Braut til Kåsen. Fra Kåsen til Orrevegen ønskjer dei å bygge fire felt. Derfrå til rundkøyring på Re skal det bli to felt igjen.
- Vegene skal etter planen finansierast med bompengar.

må me mellom anna ha prisen på fylkesveg 44, påpeikar Reinert Kverneland.

Han trur ikkje at det blir mogleg å få til ein konkret plan for alle vegane i utbyggingspakken på denne sida av nyttår.

- Men me må få det til til våren!

Nils-Ove Støbakk

nils-ove@jbl.no

Meteorologisk institutt vil forbetre lokalvarsla

VÈR: Meteorologisk institutt meiner framtida vil føre med seg meir uvêr. Dei ønsker derfor å kunne varsle mykje meir lokalt enn det dei kan i dag.

- Vi forventar at det blir endå kraftigare byer i åra som kjem, etter kvart som lufta blir gjennomgåande varmare. Då held den på mykje meir fukt som vil falle raskare ut i spesielle situasjonar, seier nestleiar Tor Helge Skaslien i Meteorologisk institutt til NRK.

Forskarar spår at det i framtida vil bli meir av den typen uvêr som ramma Utvik i førre veke. Det vil by på utfordringar for dei som skal varsle om nedbøren.

- Det er uhyre vanskeleg å vurdere konsekvensane i eit enkelt vassdrag ut ifrå om det kjem 25, 30 eller 40 millimeter. Det varierer enormt korleis utslaga blir lokalt, om for eksempel ei elv tar eit anna løp, seier Skaslien.

Likevel har han trua på at varsla skal bli betre i åra som kjem. Flaumvarslar Elise Trondsen i Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er einig i at presise meldingar er vanskelege.

- I dag kan vi vite om vi får intense regnbyer, men vi kan ikkje vere sikre på om dei kjem i Agder eller Trøndelag. Skal vi varsle alle, må vi ha varsle veldig, veldig ofte, seier ho. (NPK)

Håland Kjøtt
KVALITET & KUNNSKAP

Komla

79,-

kg

VEGÅS TEBUD

KLEPPE 51 78 69 50
haland-kjott.no

Til bilen – lokal kompetanse

DITT BILVERKSTED

Klepp Auto AS, Kleppe.....Tlf. 51 78 60 60
T. Berland Bilverksted, Klepp St.Tlf. 51 42 79 69
T. Høyland Bilverkssted AS, NærbøTlf. 51 43 51 60
Haaland Bilverksted AS, VarhaugTlf. 905 06 566

www.meca.no

Vrakpant 2000,-

Kontant for biler som hentes.

Uansett stand. Vi har også brukte deler.
Biler lev. Egersund, vrakpant
3000,- kontant.

Rogaland Bildeler a/s
Åpent: Hverdager 7-15 • Torsdag 7-18 • Lørdag stengt
Bestill henting: 51 49 49 50 • SMS 40 40 49 56 • rogbil@hesbynt.no

KNUST ELLER PUNKTERT RUTE?

EK Einar Knutsen as

GLASSMESTEREN PÅ JÆREN

VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS

TLF. 51 48 02 11 • DØGNSERVICE 971 78 180